

## **INFORMASJON OM SAMARBEIDSUTVALET OG FORELDRERÅDET**

**Saksgang for korleis ein kan gå fram med saker og eventuelle problem som oppstår i barnehagen**

### **SAMARBEIDSUTVALET**

Samarbeidsutvalet er samansett av to representantar frå foreldregruppa, to representantar frå tilsette, styrar i barnehagen sit som eigars representant, og er skrivar. Styrar kallar inn til ordinære møter.

#### To medlemar valde av foreldra – Foreldrerepresentantar.

På det første foreldremøtet vert det valt 1 representant og ein vara. Kvar medlem sit i 2 år.

Ein av representantane skal også vera med i foreldrerådet, grunnen til det er å få til eit bindeledd ( kommunikasjon og samarbeid) mellom foreldrerådsutvalet og samarbeidsutvalet.

#### To medlemar valde av dei tilsette.

På den første planleggingsdagen om hausten vel personalet i barnehagen ein førskulelærer og ein fagarbeidar/assistent, med personlege varamedlemar til utvalet.

#### Styrar

sit som eigars representant.

Samarbeidsutvalet vel sjølv leiar. Medlemar valt av foreldra og dei tilsette er valde for eit år om gongen.

Barnehagestyrar.

Barnehagestyrar er sekretær for samarbeidsutvalet og har møte- og talerett, men ikkje stemmerett. Styrar kallar inn til møte saman med den som er leiar for utvalet.

Døme på saker som samarbeidsutvalet kan jobbe med er:

- budsjett
- endring av vedtekter
- store innkjøp
- ”endringar i barnehagen.
- problem og saker som dukkar opp i høve til barnehagedrift med mer.
- Evaluering av barnehageåret

## FORELDRERÅDSUTVALET

### Foreldrerådets 4 medlemar.

Foreldrerådsutvalet har fire medlemar valt av foreldra på første foreldremøtet om hausten, medlemane er valde for to år.

Det skal vera 2 representantar for avdeling 3 -6 år og ein representant for kvar av dei to avdelingane 0 -3 år.

Ein må freista få med både deltids og fulltids studentar i utvalet.

Ein av medlemane i utvalet skal og vera medlem i samarbeidsutvalet for å få til eit godt kommunikasjon/ samarbeid mellom dei to utvala.

Det første møtet i utvalet er det styrar som kallar inn.

På dette møtet er det naturleg at ein har val av kven som skal vera leiar for utvalet. Etter dette møtet er det utvalet som sjølv bestemmer kor ofte det skal vere møte og møtestrukturen.

Leiar for foreldrerådsutvalet får ei møtebok, der de set opp saker som er aktuelle for foreldrerådsutvalet/ foreldrerådet (alle foreldra i barnehagen) å jobbe med.

Døme på saker som foreldrerådsutvalet kan jobbe med er:

- dugnad
- 17-mai markering
- grillfest
- brukarundersøking
- saker som kjem heile barnehagen til gode med mer.

## SAKSGANG OG FRAMGANGSMÅTE VED SAKER OG EVENTUELLE PROBLEM SOM OPPSTÅR

Vanleg rutine dersom det er noko foreldre vil endre, eller det er noko som ikkje fungerer som det skal, er at snakkar med den personen på den avdelinga det gjeld, eller ein av dei tilsette i barnehagen ein har kontakt med, - dersom dette er vanskeleg eller dette ikkje hjelper kontakt nærmaste overordna.

Dersom ein har gått heile vegen opp til styrar og ein framleis ikkje har fått "tilbakemelding" på det ein har teke opp, er dette ei sak for samarbeidsutvalet. Det vil seie at ein kontaktar den foreldrerepresentanten som sit i samarbeidsutvalet, og at representanten legg fram saka der.

Heilt konkret vil det seia:

### A

Det oppstår "ei sak" i barnehagen - foreldra snakkar med den det gjeld  
- eventuelt ein av dei andre tilsette som ein har god  
kontakt  
med (møte/ samtale/ telefon)  
Saka vert avslutta

Dersom ingenting skjer:

### B

Foreldra snakkar med avdelingsleiar (møte/ samtale/ telefon) – dei vert samde om ei løysning, og ein skal snakke seinare for å sjå til at "saka" har bedra seg/ evaluera.  
Saka vert avslutta

Dersom ingenting skjer:

### C

Foreldra snakkar med styrar (møte/ samtale/ telefon) – dei kjem fram til ei løysning, også her må ein avtala eit møte seinare for å vurdera om "saka" har bedra seg/ evaluera.

Saka vert avslutta

Dersom ingenting skjer:

### D

Foreldra kontaktar representant i Samarbeidsutvalet og det er denne representanten si plikt å ta opp saka. Det er Samarbeidsutvalet si plikt å følge opp denne saka slik at det vert ei løysning som alle kan leve med.

Saka vert avslutta

Dersom ingenting skjer:

### E

Skulle det framleis vere noko som gjer at saka ikkje vert løyst, er det kanskje nødvendig å kalle inn Foreldrerrådet (alle foreldra), der det vert vurdert om det er ei sak der foreldra stå saman og kjempe for saka som ein ikkje finn løysning på.

Ein skal alltid arbeide for at ei sak vert løyst lengst mogleg ned på "stigen", då det beste er at ein løyser sakene fort med færrest mogleg personar involvert  
sekretær for samarb.utvalet

**Utval for 2020/2021 er:**

**Foreldrerådsutval (4 representantar)**

Representant frå avdeling Måne: Emma Halvorsen (mor til Frida)

Representant frå avdeling Måne: Malin Dahl (mor til Emilia)

Representant frå avdeling Sol: Astri Knudsen (mor til Turi)

Representant frå avdeling Stjerne: Stine Andresen (Mor til Camillo)

**Samarbeidsutvalet**

Foreldrerepresentant frå stor avdeling: Emma Halvorsen (mamma til Frida)  
Vara: Malin Dahl (mamma til Emilia)

Foreldrerepresentant frå liten avdeling: Eli Skrede (mamma til Eline)  
Vara: Kristin Sæterdal (mamma til Eivind)

Representant frå personal (barnehagelærar): Siri Nedrehagen  
Vara: Trine Sætre

Representant frå personal (fagarbeidar): Eli Wengshoel  
Vara: Gry Hagen

Styrrar Benedikte Brenden er sekretær